



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandler

Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale - Konsesjon - Vindafjord - Sønnanåelva - bygging Nedre Sønnanåelva Vasskraftverk

Bakgrunn for saka

NVE har motteke ein søknad frå Torstein Halsos Stuhaug, datert 18.7.2023, om løyve til å byggje Nedre Sønnanåelva Vasskraftverk i Vindafjord kommune. Kraftverket er planlagd bygd i Sønnanåelva. Inntaket er planlagd på kote 152, nedstraums vassinntak til Ølen vassverk. Derifrå vil vatnet gå i eit om lag 530 m langt nedgrave røyr med Ø700 mm. Kraftstasjonen er planlagd på kote 35 og vil vere eit bygg på ca. 96 m². Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring forbi inntaket. Årleg middelproduksjon vil vere ca. 1,9 GWh. Det er planlagd ein permanent anleggsvei på ca. 500 m frå kraftstasjonen til inntaket.

Statsforvaltaren si vurdering

Søkar opplyser om at vassdraget ikkje er omtalt i regional vassforvaltningsplan for Rogaland. Dette er ikkje riktig. Vestbøelva/Sønnanåelva blei tatt inn i vassforvaltningsplanen som eit prioritert vassdrag for Haugalandet vassområde for planperioden 2022-2027. På denne bakgrunn er det planlagt habitatkartlegging av vassdraget i 2025 i regi av Haugalandet vassområde. Habitatkartlegginga vil mellom anna avgrense anadrom strekning i vassdraget og kartfeste viktige gyteområde for laksefisk, samstundes som den vil peike ut flaskehalsar for fiskebestandane i vassdraget. Dette er manglande kunnskap i dag.

Kunnskapsgrunnlaget i saka er generelt mangelfullt. Den samla belastinga bør her vektleggast. Då eksisterande vassuttak heller ikkje har krav til minstevassføring, bør ein kartlegga vasstrengen og omkringliggande areal for fuktkrevjande artar som vil kunne bli råka av ytterlegare fråføring av vatn. Potensielt fråvær av fisk er her ikkje eit argument for at behov for minstevassføring ikkje er til stades. Røyrgate- og vegtrasé bør og kartleggast nærare for førekomst av sårbare artar og naturtypar.

For at Statsforvaltaren skal kunne vurdere om planlagde tiltak i samband med bygging av Sønnanåelva vasskraftverk får ulemper for allmenne interesser, må desse konsekvensane for



relevante allmenne interesser vere tilstrekkeleg opplyst. Dette er òg i tråd med NVE sin rettleiar nr. 1 2010 – [«Veileder i planlegging, bygging og drift av små kraftverk»](#).

Med hilsen

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Annette Fosså
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vindafjord kommune
Rogaland fylkeskommune
Haugalandet vannområde

Rådhusplassen 1
Postboks 130

5580
4001

Ølen
Stavanger